

 Sogndal vgs.
Vestland fylkeskommune

Handlingsplan rus

Utkast februar 2025. Det er nokre punkt som manglar.
Desse vert lagt til ved skulestart 2025/26.

Innhald

Handlingsplan rus	3
Mål.....	4
Innsatsområde	4
Målgrupper	4
Førebyggande tiltak og haldningsskapande arbeid.....	5
Tilsette sitt ansvar.....	8
Teikn og signal som kan tyde på rusmisbruk.....	8
Rutinar ved uro eller mistanke om bruk eller at eleven har med rusmiddel i skuletida	9
Handlingsplan ved mistanke om at elevar har eit rusproblem	11
Omsetnad eller funn av rusmiddel.....	12
Samarbeidspartar	13

Handlingsplan rus

Sogndal vidaregåande skule er ein rusfri skule. Vi har nulltoleranse for bruk av rusmiddel i skulesamanheng. Informasjon om skadeverknadene og handlingsskapande arbeid står sentralt i arbeidet for ein rusfri skulekvardag. Det overordna målet vårt er å førebygge bruk og styrke den sosiale kompetansen til elevane slik at dei klarar å seie nei til å ruse seg.

Rusførebygging og anna førebygging er veldig lik. Det handlar om å skape eit inkluderande og aktivt skulemiljø der elevane må engasjerast og aktiviserast gjennom skulen sine medverknadsorgan og i dei ulike sosiale og miljøskapande arrangement skulen gjennomfører. Gode og trygge relasjonar er i seg sjølv førebyggande.

Handlingsplan om rus inneheld direkte tiltak i arbeidet for ein rusfri skule samtidig som vi har tatt med generelle teikn på rusbruk og kva handlingsplikter tilsette har dersom vi er uroa for rusbruk hos elevar.

Mål

Hovudmålet for skulen sitt rusførebyggande arbeid er å skape eit trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak der alle elevane blir sett og teke vare på. Samtidig har skulen mål om å hjelpe elevar med urovekkande rusbruk til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon slik at dei kan fullføre utdanninga si.

Innsatsområde

1. Førebygging og haldningsskapande arbeid
2. Tidleg innsats
3. Rutinar ved uro eller mistanke om rus

Målgrupper

Vi har tre målgrupper som til dels har samanfallande, men også ulike informasjonsbehov.

Tilsette: haldningsskapande arbeid og informasjon om verknader av og signal på rusmisbruk og aktivitetsplan ved uro/mistanke.

Elevar: haldningsskapande arbeid og informasjon om konsekvensar av rusbruk

Føresette: Haldningsskapande arbeid og informasjon om kjenneteikn på rusbruk og informasjon om skadeverknader av misbruket.

Førebyggande tiltak og haldningsskapande arbeid

Målgruppe	Kva	Korleis	Ansvar
Elevar	Oppstartssamtale	Første skuledag	Kontaktlærar
Elevar	Skulestart	Legge vekt på utvikling av gode relasjonar mellom elev og elev og elev og lærar	Kontaktlærar og faglærar
Elevar	Fråvær	Rask oppfølging	Kontaktlærar og elevtenesta
Elevrådet	Haldningar til rusbruk	Gjennomgang av skulen sin handlingsplan om rus	Rektor
Skulefestar	Haldningar til rusbruk	Gjennomgang av skulen sin handlingsplan om rus	Ansvarleg for førebuingane
Hybelsamtale	Haldningar til rusbruk	Samtale første kvartal	Miljøkoordinator
Elevar vg1 og vg2	Kompetanse mål i faga knytt til rus og overordna læreplan	Etter plan	Faglærarar i samfunnsfag, naturfag etc - overordna læreplan
Elevar vg1	?	?	?
Elevar vg2	Grenser	Etter plan	Helsejukepleiar
Russ vg2 og vg3	Utfordringar i russetida og skulen sine forventingar til russen	Møte med russen i forkant av russetida	Rektor, miljøkoordinator, helsejukepleiar, politi

Elevar Vg3	?	?	?
Yrkessjåfør	Del av kompetanseområda i faget	Etter plan	Faglærarar yrkessjåfør
Tilsette	Informasjon om tilsette sitt ansvar og oppgåver knytt til rusbruk/misbruk hos elevane	Gjennomgang av handlingsplan	Rektor
Tilsette	Illegal rusbruk – informasjon om symptom og konsekvensar	Kurs	Eksterne
Føresette	Informasjon om rustrendar og konsekvensar av rusbruk	Foreldremøte alle trinn Eige foreldremøte med tema/ekstern foredragshaldar?	Rektor eller elevtenesta
Elevar	Trivselstiltak gjennom skuleåret	Månadlege tiltak	Miljøkoordinator

Ressursar:

Forebygging.no/skole

Ung.no

Ung.no/rusmidler

[10 ting du bør vite om ungdom og alkohol](http://10tingdubør vite om ungdom og alkohol)

[10 ting du bør vite om hasj og marihuana](http://10tingdubør vite om hasj og marihuana)

Helsenorge – ungdom alkohol

SALTO

Fra bekymring til handling(s. 27-29)

Barn av rusmisbrukarar

Rustelefonen

Dopingkontakte

Tilsette sitt ansvar

Ved mistanke om at ein elev har eit rusproblem eller at eleven er påverka av rus i skuletida har alle vaksne ved skulen eit sjølvstendig ansvar for å melde fram med ein gang til kontaktlærar til eleven, elevtenesta eller ein leiar ved skulen.

Tilsette må reagere når:

- eleven har aukande fråvær eller endra fråværsmønster
- eleven har klart fallande prestasjonar, konsentrasjonsevne, orden og åtferd i timane eller endring i fysisk eller psykisk tilstand
- åtferda til eleven gir grunn til uro eller om medelevar, lærarar, andre tilsette eller føresette melder uro
- ei gruppe av elevar si åtferd gir grunnlag for uromelding

Teikn og signal som kan tyde på rusmis bruk:

- dårlig hygiene og dårlig form
- vekttap
- uro, rastlaus og/eller aggressivitet
- unormalt oppstemt, forvrenging av sanseintrykk
- risikoåtferd/kritikklaus
- Trøytt, sløv, nedsett reaksjonsevne
- Manglande konsentrasjon, dårlig hugse
- Raudlet i auga, pupillstorleik og munntørheit
- Skulk/fråvær
- Tilbaketrekking
- At klassemiljøet endrar seg til dømes gjennom auka konfliktnivå eller motsetnader i klassen eller at pengar og verdisaker forsvinn
- Store mengder kontantar

Faglærarane vert kopla på ved mistanke eller uro kring rusbruk for å sikre at vi har eit breitt perspektiv på problemstillinga.

Rutinar ved uro eller mistanke om bruk eller at eleven har med rusmiddel i skuletida

Kva	Handling	Ansvareleg	Oppfølging
Mistanke om rusbruk eller at eleven har med rusmiddel på skulen	Avdelingsleiar gjennomfører samtale med eleven for å få stadfesta eller avkrefta mistanke om rus. Kontaktlærar er med for å trygge eleven.	Avdelingsleiar Kontaktlærar	Eleven får tilbod om hjelp, både på skulen og med anna hjelpeapparat. Føresette skal kontaktast og informerast dersom eleven er under 18 år. Når og om dette skal gjerast må vurderast frå sak til sak. Når eleven er over 18 år skal skulen ha samtykke frå eleven for å informere føresette.
	Politiet kan kontaktast for å avklare situasjonen	Rektor tek kontakt med politiet om relevant	
Elevar blir tatt i ruspåverka tilstand eller har med rusmiddel på skulen	Eleven blir tatt med til avdelingsleiar/rektor som gjennomfører vurderingssamtale med eleven. Kontaktlærar vert informert og kan vere med i samtalene for å trygge elev.	Rektor Avdelingsleiar Kontaktlærar	Dersom eleven er under 18 år skal, som hovudregel, føresette varslast. Ved annan rus enn alkohol vert politiet varsla uavhengig av eleven sin alder. Eleven vert vist bort frå skulen den dagen. Det vert

	<p>Eleven skal gjere greie for saka.</p> <p>Rektor eller annan person med høgste rang tek kontakt med politiet ved bruk/har med illegale rusmiddel på skulen.</p>		<p>avtalt møte med avdelingsleiar og kontaktlærar neste dag.</p> <p>Elevtenesta har ansvar for vidare oppfølging av eleven, samarbeid med føresette og anna hjelpeapparat.</p>
Medelevar er uroa for andre elevar sin rusbruk	Ta kontakt med ein vaksen på skulen	Uroa skal meldast til kontaktlærar eller avdelingsleiar	Skulen skal legge til rette for at det skal vere enkelt for elevar å melde frå når dei er uroa.

Ressurser:

[Fra bekymring til handling](#) (S.39-43 og 47-53)

[Melde fra til barnevernet \(Bekymringsmelding\)](#)

Handlingsplan ved mistanke om at elevar har eit rusproblem

Målet er å gje eleven hjelp og støtte til å kome seg ut av ei vanskeleg situasjon, fullføre skulen og ta utdanning.

Kva	Handling	Ansvarleg	Oppfølging
Mistanke om at eleven brukar illegale rusmiddel som får konsekvensar i skulekvardagen	Mistanken vert tatt opp med eleven. Det er viktig å vere tydeleg på uroa og kvifor vi er uroa.	Avdelingsleiar Kontaktlærar er med for å trygge eleven.	Set opp avtale med elevtenesta for oppfølging Vurdere om det skal sendast melding til barnevernet
Stadfesta mistanke eller framleis mistanke etter ei tid	Samtale vert gjennomført	Avdelingsleiar Kontaktlærar er med for å trygge eleven.	Ved stadfesta mistanke skal eleven få tilbod om hjelp, både på skulen og med kontakt med anna hjelpeapparat. Føresette kan kontaktast og informerast dersom eleven er under 18 år. Når og om dette vert gjort skal vurderast frå sak til sak. Når eleven er over 18 år må skulen ha samtykke frå eleven for å informere føresette.

Ressursar:

[Fra bekymring til handling](#) (S.39-43 og 47-53)

[Melde fra til barnevernet \(Bekymringsmelding\)](#)


Omsetnad eller funn av rusmiddel

Kva skal vi gjere dersom vi har mistanke om omsetning eller funn av rusmiddel på skulen sitt område eller ved arrangement i skulen sin regi?

- Rektor eller avdelingsleiar skal varslast med ein gang og tek kontakt med politiet. Politiet overtek vidare saksbehandling
- Rektor har ansvar for at kontaktlærar og elevtenesta vert informert om sal eller omsetnad dersom det vert utført av elever ved skulen. Tiltak skal vurderast og setjast i verk.
- Rektor vurderer aktuelle sanksjonar overfor elev i samsvar med skulereglane.
- Dersom eleven er under 18 år skal rektor vurdere om det er grunnlag for å sende uromelding til barnevernet.

Samarbeidspartar

Aktuelle samarbeidspartar
Føresette
Skulehelsetenesta ved helsesjukepleiar og psykiatrisk sjukepleiar på skulen - Linda Habbestad Skorve - Aase Storegjerde <u>Skulehelsetenesta</u>
Politikontakt Sogndal kommune Jorunn Furuheim
Utekontaktar Sogndal kommune May Britt Sva - may.britt.sva@sogndal.kommune.no , mobil 99286146 Gaute Selbakk Flygel - gaute.sebakk.flygel@sogndal.kommune.no , mobil 47670296
Psykisk helseteam – mobil 90715545 Rask psykisk helse - <u>Rask psykisk helsehjelp - SOGNDAL KOMMUNE</u>
Konfliktråd – ungdomskontakt Telefon: 57 00 14 71 (telefontid fra 9-15) <u>Send inn sak til konfliktrådet - Konfliktrådet</u>
Nav ungdomskontakt kommunane i Sogn ? Barnepsykiatrisk poliklinikk (BUP) gjeld elevar under 18 år/ Indre Sogn psykiatrisenter(ISP) over 18 år 57627500 <u>Sogndal BUP - Helse Førde HF</u>
Barnevernenesta i Sogndal og Luster <u>Sogn barnevern - SOGNDAL KOMMUNE</u>



vestlandfylke.no